



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201503081	22.03.2017	60722/2017/S11	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	02.06.2017

Norddal kommune - bygging av fire småkraftverk - Fossheim, Dyrdøla, Rødøla, Mykelbust kraftverk - fråsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

INNLEIING

Ved ei handsaming av søknadene er det viktig for Møre og Romsdal fylkeskommune at ein ivaretar friluftslivsinteressene. Vi ser at alle dei fire småkraftverka det er søkt om ligg tett opp til turløyper og turområder, både av lokal og regional verdi. Der Fossheim og Dyrdøla kraftverk ligg i nærleiken av eit alpint fjellområde av nasjonal og internasjonal karakter.

Den totale utbygginga av småkraftverk i området er stor og vi meiner det kan redusere områdets attraksjonskraft i reiselivssamanheng. Norge – og Møre og Romsdal – markedsførar seg som «uberørt norsk natur». Med mange inngrep i eit og same område vil ikkje dei tilreisande få innfridd sine forventningar når dei gjester fylket. Vi vil og nemne nærleiken til verdensarvområdet, dette må ein og sjå på i forhold til den totale utbygginga i området.

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndighet i Møre og Romsdal vassregion. Det er utarbeid er regional plan for vassforvalting for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021. Miljømål i denne legg føringar for NVE si saksbehandling og verksemrd. I det tilfelle NVE gir løyve til tiltak som dei vurderer kjem i konflikt med miljømål i plan, ønskjer vi informasjon om dette. Vi viser elles til kommentarar til kvar sak nedanfor.

Fossheim kraftverk

Kulturminne og kulturmiljø:

Vi gjer merskam på at det er eit freda gardstunet på Engeset, og vil legge vekt på at ikkje tiltaket medfører skjemming av omgjevnadane til tunet.

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men vurderer det ut frå tilsendte kart å vere eit visst potensial. Ved ein eventuell konsesjon vil vi be om å få tilsendt betre kartgrunnlag så tidleg som muleg i detaljplanleggingsprosessen for å vurdere eventuelle krav om arkeologisk registrering.

Vassforvaltning:

Kraftverket vil påverke vassforekomstane 099-48-R Nordalselva/Dalsbygdelva bekkefelt og 099-47-R Norddalselva/Dalsbygdelva. I regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016-2021 har vassforekomstane miljømål om god kjemisk og økologisk tilstand, men Norddalselva/Dalsbygdelva har fått utsatt frist for å oppnå miljømål til neste planperiode, det vil si i 2027.

Nordalselva/Dalsbygdelva bekkefelt er i følgje vann-nett i god økologisk tilstand. Det er foreslått tiltak om å åpne sideløp og gjenskape meandrering i Herdalen. Kraftverket vil redusere vassføringa i delar av vassforekomsten. Norddalselva/Dalsbygdelva er dårlig økologisk tilstand. Tilstand er basert på høve for anadrom fisk. I følge vann-nett er det flomverk og forbyggingar som er årsak til dette. Ein liten del av anadrom strekk vil bli påverka av utbygginga. Nordalselva har hatt ein god laksebestand tidlegare og vil kunne forbetraast med tiltak. Reguleringa vil kunne påverka økologien i elva, og vil derfor også kunne komme i konflikt med miljømål regional vassforvaltningsplan. NVE må i så tilfelle vurdere tiltaket etter § 12 i vassforskrifta.

Dyrdøla kraftverk**Kulturminne og kulturmiljø:**

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket. Vi viser til vår epost til Per M. Dahl datert 8.2.2016, der vi vurderer potensialet for funn til å vere lågt til middels. Vi vil på grunnlag av dette ikkje stille krav om arkeologisk registrering.

Vassforvaltning:

Vi vurderer at miljømål og tilstand ikkje i vesentlig grad blir påverka av ei regulering.

Reiseliv:

For oss kan det sjå ut som Dyrdøla kraftverk er tenkt plassert i nærleiken til Storfossen. Storslårte og flotte fossefall er ein mangelvare i norsk natur og vi rår til at dei får stå uberørt og være ein attraksjon både for lokalbefolking og tilreisande.

Rødøla kraftverk**Kulturminne og kulturmiljø:**

Vi gjer også merksam på at Zachariasdammen litt lengre nord er lista opp som eit statleg listeført kulturminne. Likeeins kan det vere kulturminneverdiar langs Gamlestigen opp til Øvste Rødal.

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men vurderer det ut frå tilsendte kart å vere eit visst potensial. Ved ein eventuell konsesjon vil vi be om å få tilsendt kartgrunnlag så tidleg som mulig i detaljplanleggingsprosessen for å vurdere eventuelle krav om arkeologisk registrering.

Vassforvaltning:

099-10-R Rødalselva er i dag klassifisert som SMVF, der godt økologisk potensial er forventa med ingen nye tiltak. Det er ei viktig elv for innlandsfisk (aure). Vi forventar ikkje at tiltaket vil komme i konflikt med miljømål i denne forekomsten. Sidevassdrag med vann-id 099-7-R i vann-nett blir også påverka. Desse er i god tilstand i dag. NVE må dette tilfelle vurdere om tiltaket kjem i konflikt med miljømål og eventuelt om vassforekomsten skal settast som sterkt modifisert.

Myklebust kraftverk

Kulturminne og kulturmiljø:

Vi gjer også merksam på at det er spor etter fleire kvernhus langs elva, og at ein bør forsøke å ta vare på desse.

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men vurderer det ut frå tilsendte kart å vere eit høgt potensial og vi vil truleg stille krav om arkeologisk registrering ved eventuell detaljplanlegging.

Vassforvaltning:

100-18-R Myklebustelva bekkefelt blir påverka av utbygginga. I regional vassforvaltningsplan har den miljømål om god økologisk tilstand i 2021 og i følgje vannnett er den i god økologisk tilstand. I lakseregisteret er det ikkje registrert anadrom strekning. Vi er likevel kjend med at det kan gå anadrom fisk opp i elva. Vassdragets karakter tilseier og at høve ligg til rette for anadrom fisk. Ei regulering vil påverke økologiske tilhøve, da spesielt for fisk og tiltaket vil kunne komme i konflikt med miljømål satt regional vassforvaltningsplan. Det bør derfor gjerast ei betre undersøking for høve til anadrom fisk i elva og konsekvensane av ei regulering. Viss NVE ser at tiltaket kan komme i konflikt med miljømål i vassforvaltningsplan skal tiltaket vurderast opp mot § 12 i vassforskrifta.

KONKLUSJON

Vi viser til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre interesser vert teke omsyn til i den vidare saksutgreiinga.

Med helsing

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Friluftsliv: rådgivar friluftsliv Petter Jerset, tlf. 71 28 03 05

Kulturminne og kulturmiljø: arkeolog/rådgivar Kristoffer Dahle, tlf. 71 28 03 29

Reiseliv: rådgivar Lillian Sæther, tlf. 71 28 01 23

Vassforvaltning: rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 28 03 52

Kopi:

Norddal kommune

Statens vegvesen, Region midt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal